

- \* Statsbudsjettet: Positivt, men ...
- \* Fritak for investeringsavgift
- \* Strategi for fremme av solvarme

- \* Suda produserer solkokere
- \* Saker på forrige styremøte

# Solgløtt

Nyhetsbrev fra  
Norsk solenergiforening  
Årg. 1 Nr. 3 Oktober 1999

## Statsbudsjettet: Positivt, men ...

Etter å ha studert kapittel 5 i Statsbudsjettet ser det ganske positivt ut for solenergi og andre nye fornybare energikjelder. Dei fleste av solenergiforeninga sine medlemmar er vel oppdatert på at det er foreslått 355 mill. til omlegging av energibruk og energiproduksjon (kap 1825). Solenergi er ikkje nemnt spesielt, men slik teksten er formulert er det naturleg å forstå begrepet "varmeanlegg" som om det også inkluderer solvarmeanlegg. Frå budsjettet kan vi lese at regjeringa vil bygge vidare på det virkemiddelapparatet som finst, og spesielt satse på støtte til varmeanlegg og vindkraftanlegg. Måla i energimeldinga er blant anna at vi innan 2010 skal å bruke 4 TWh meir vannbåren varme frå nye fornybare energikjelder, varmpumpe og spillevarme og produsere 3 TWh meir vindkraft per år (<http://odin.dep.no/bud2000/sb/shd/kap05.htm>)

Derimot, når ein les pressemeldinga frå OED (Nr. 62/1999 4. oktober 1999) der olje- og energiminister M. Arnstad seier at regjeringa neste år vil prioritere investeringar i vindkraft, bioenergi, varmpumper og varmeanlegg basert på spillvarme, (<http://www.odin.dep.no/bud2000/prm/oed/991004c.html>) kan ein bli meir i tvil om solenergien sin eigentlege status. Betyr det at solenergi og geovarme har lågare prioritet enn andre varmekjelder? Eller reflekterer dette utsagnet berre det faktum at desse energikjeldene har lågare marknadsandel og dermed gjer mindre innhogg i budsjettet, sjølvom dei er prioritert er like høg som "konkurrentane"? Solenergiforeninga vil uansett følgje med i den vidare behandlinga av Statsbudsjettet. (RJA)

## Fritak for investeringsavgift på solenergianlegg

Endeleg er fritaket for investeringsavgift på solenergianlegg på veg. I eit brev av 16. september 1999 frå Finans- og tolldepartementet har Norsk solenergiforening fått høve til å vere høyringsinstusjon for det nye utkastet til "Forskrift om avgrensing av fritak for investeringsavgift på energiteknologi". Dokumenta er tilgjengelege på Internett. Sjå adressa <http://www.finans.dep.no/> (klikk på "Saker til høring" under

spalta "Skatter/Avgifter") Den noverande forskrifta av 6. april 1999, ligg på adressa: [http://www.finans.dep.no/5/forskrifter/avgrens\\_invest\\_energi/](http://www.finans.dep.no/5/forskrifter/avgrens_invest_energi/)

Forskrifta vil ha tilbakeverkande kraft frå 1. juli 1999 og vil vere eit prinsipielt viktig steg i arbeidet for å fremme bruken av solenergi. Likevel vil eit fritak for investeringsavgift berre vere eit incitament for avgiftspliktige bedrifter og organisasjonar. Så lange den største kundegruppa for solenergiteknologi er blant privatpersonar, som ikkje vil nyte godt av fritaket, krevst det ytterlegare tiltak før vi kan få ein ny giv i solenergimarknaden.

Styret i Solenergiforeninga behandla høyringsutkastet på sitt møtet den 29. september, men ønskjer at medlemmane også gjev uttrykk for sine synspunkt om forskrifta. Desse kan sendast til generalsekretæren som vil formulere Norsk solenergiforening sitt samla svar til departementet. Svaret vil bli skrive i samråd med styret og dei medlemmane som sender inn kommentarar. Høyringsfristen er 28. oktober i år.

## Strategi for å fremme solenergi i Noreg

Arbeidet med å skrive rapporten "Strategi for å fremme bruk av solenergi i Noreg", nærmar seg slutten. I desse dagar gjenstår det berre den siste finishen på teksten før rapporten blir trykt og publisert. Rapporten fokuserer på utnytting av passiv og aktiv solvarme. Vi kan mellom anna nemne at det er gitt eksempel på aktuelle tiltak og støtteordningar frå fem forskjellige land, pluss ei oppsummering av utfordringane som pregar marknadssituasjonen for solvarmeanlegg i Noreg.

Vi tillet oss også å referere nokon av konklusjonane allereie no: Det er mellom anna foreslått ei styrking av byggforskriftene ved overgang til bruk av energirammer i staden for å spesifisere tekniske krav til dei enkelte bygningselementa. Dermed blir fokus retta mot den faktiske energibruken i bygningen ikkje mot byggelementa sine karakteristika. Energibidraget frå passiv og aktiv solvarme må inkluderast i formelen for energiramma.

Eit viktig virkemiddel vil vere å innføre døgnvariabel energipris på elkraft, for eksempel med 10 øre lågare elpris om natta enn om dagen. Det vil gjere fleksibel oppvarming kombinert med eit varmelager privatøkonomisk attraktivt. Viss varmelager er installert vil ei tilleggsinvestering for eit solvarmeanlegg i mange tilfelle gje eit energitilskot som har ein konkurransedyktig energipris, sjølv utan subsidiering. Døgnvariabel eltariff vil vere i samsvar med kostnadane for produksjon av kraft og vil auke verdien av norsk kraftutveksling med våre naboland.

Rapporten inneheld også mange andre interessante forslag som det er ikkje plass til å skrive om her. ...

### Anbud på publisering av ISES-magasin

På vegne av ISES, formidler vi med dette invitasjon til anbud på publisering av et av ISES sine magasin. Kontakt Norsk solenergiforening viss du ønskjer meir informasjon.

-The International Solar Energy Society hereby issues a call for tender for the publication of a Magazine to be distributed to all ISES members world-wide, on the topic of Renewable Energy. The current magazine produced by the Society ("SunWorld") may be requested from the ISES as a reference. The magazine should primarily serve as a source of information on current events, new technologies and projects, and related popular scientific content. It should also serve as a marketing tool for the Society in the acquisition of new members from traditional (scientific and technological) and new emerging audiences (economic and financial), and should serve to further broaden awareness and interest in the field of renewable energy.

### Sauda produserer solkokere

Som lovet i forrige utgave vil vi fra tid til annen presentere medlemsbedrifter her i Solgløtt. Først ute er firmaet Sun Cook AS fra Sauda:

Med enkel teknologi lages solkokere som effektivt kan koke mat med energi direkte fra solstrålene. Denne metoden tar lenger tid enn elektrisitet og gass, men er et utrolig hjelpemiddel der det ikke er tilgang på disse godene. Så lenge solen skinner klart, koker maten uten noe som helst bryderi. Kvinner og barn som må gå langt av sted for å finne ved, slipper å bruke store deler av dagen til dette.

Problemet med å få spreidd disse i større omfang rundt om i verden skyldes ikke manglende interesse fra mennesker og organisasjoner i tropiske områder, men mulighetene til å få

finansiert innkjøp. Tradisjonene med å koke maten om kvelden vil være vanskelig å endre, men i en stor del av de afrikanske land er hovedmåltidet på dagtid. Dessuten vil det i store områder være vanskelig å skaffe ved, så solkoking blir sett på som den eneste løsningen.

Sun Cook AS sliter i motvind. De har bare hatt ett større salg til U-land, men selger ellers enkelte kokere til privatpersoner og organisasjoner som gir disse bort i sine samarbeidsland.

Etter å ha koka ris i sin hage på Teneriffe, skriver Thor Heyerdahl til prosjektleder Signe Marie Aardal: "Det ville være til enorm hjelp for mennesker og miljø dersom en solkoker kunne skaffes til (..) et stort antall mennesker som bor der nøden er stor og miljøet ødelegges. Det faktum at det er fysisk mulig å koke med solen, viser at Sun Cook bør få all mulig hjelp til å komme videre."

### Saker på styremøtet 29. september

Inntil vi får de ny hjemmesidene våre i drift (noe som vil skje i løpet av høsten) gjengir vi kort sakene som var oppe på forrige styremøte her i Solgløtt:

- 32/99 Forslag om nye forskrifter for fritak fra investeringsavgift på energianlegg, inkludert solenergi
- 33/99 Solenergiforeningen sin rolle under SunDay 2000
- 34/99 Er det mulig å finansiere et besøk av Christoffer Flavin under ISREE 2000?
- 35/99 Status og framdrift i Solvarme-prosjektet

*Neste styremøte 28. oktober 1999. Ta gjerne kontakt med styret eller generalsekretæren viss du har innspill til saker.*

### Returadresse

Norsk solenergiforening,  
c/o Oslo Energi ENØK  
Postboks 2481 Solli, 0202 Oslo  
Tel.: 88 02 44 66  
E-post: rja@chembio.ntnu.no

